



OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale- dispensasjon - Osterøy 88/27 - Hosanger - bygging av veg og oppføring av mur

Vi viser til brev frå Osterøy kommune av 21-03.2023. Saka gjeld uttale til søknad om dispensasjon for bygging av veg og mur på gbnr. 88/16 gbnr. 88/27 for ny tilkomst til framtidig garasje på gbnr. 88/27.


Vurdering

Hovudregelen er å følgje plan- og bygningslova inklusive gjeldande arealplanar, medan dispensasjon er eit unntak frå dette, og skal ikkje vere kurant.


Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 kan kommunen dispensere frå føresegn som er gjeve i medhald av lov. Kommunen kan likevel ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, omsyna i loven si formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det er søkt om oppføring av veg og mur på gbnr. 88/16 gbnr. 88/27 for ny tilkomst til framtidig garasje på gbnr. 88/27. Arealet er i kommuneplanen delvis sett av til LNF-formål og delvis bustadformål. Området er regulert i reguleringsplan for Hosanger sentrum vedtatt i 2002.

Omsøkte veg, mur og framtidig garasje ligg på areal som er registrert som myr i NIBIO sin database. Nedbygging av naturområde som skog eller myr, som inneheld store lagre av karbon, medfører økte klimagassutslepp og reduserer potensielt framtidig opptak av karbon på arealet. Ut frå omsynet til å redusere klimagassutslepp, er det ønskeleg å unngå å bygge ut på areal med store karbonlagre. Sjølv om dei enkelte tiltaka i seg sjølv kan synast små, vil ei bit-for-bit nedbygging av myrområde samla gje betydelege negative konsekvensar for klima og miljø. Vi viser i denne samanheng mellom anna til statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Her nemnast mellom anna at ivaretaking av myr, som kan dempe effektane av klimaendringar, er viktig i arealplanlegginga.



Omsøkt tiltak



Registrert myr (NIBIO)

Statsforvaltaren rår difor i frå å gje dispensasjon for bygging av veg og mur på gbnr. 88/16 gbnr. 88/27 for ny tilkomst til framtidig garasje på gbnr. 88/27 slik det er søkt om. Anna og betre egna plassering av tiltaka som ikkje byggjer ned myrområde bør etter vårt syn vurderast.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak i saka til klagebehandling.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent